

# OS Kyrkjeblad

Nr. 1 / Februar 2017 / 72. årgang



## TUNET Kyrkje & Kultursenter

Opnar 10. mars 2017!  
Velkommen til openingsfest, sjå side 4



### Fasteaksjonen 2017

Vi elsker vann! Les meir om årets aksjon og korleis du kan bidra på [side 3](#).



### «Kick Off»-samling

Det var friske og flotte musikkinnslag i Eldstova Laurdag 14. januar.  
[Les meir på side 6](#).



### Påskevandring for 5-åringar

Trusoplæreringsstilbod for 5-åringar. Sjå etter invitasjon i posten!  
[Les meir på side 8](#).

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

**REDAKSJON:**

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

**ADRESSE:**

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os  
Besøksadresse: Øyro 49

**UTGJEVAR:** Os sokneråd

**ANSVARLEG REDAKTØR:**

Gerhard Hansen

**LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:**

Picapoint Studio  
[www.picapoint.no](http://www.picapoint.no)

**FOTO FRAMSIDE:**

Os sokneråd

**TRYKK:** Borge Grafisk AS

**OPPLAG:** 8.055 stk

**OS SOKNERÅD:**

Postboks 209 - 5202 Os

**LEIAR:**

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598  
[antu-bjo@bkfiber.no](mailto:antu-bjo@bkfiber.no)

**OS KYRKJE:** Tlf. 56 57 24 10

**KYRKJEKONTORET I OS:**

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.  
Fax 56 57 24 01. E-post: [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no)  
Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



# Frå FEST til FASTE

26.februar er det fastelavnssøndag i år. Denne søndagen er innleiinga til fastetida her hos oss og er eit tidspunkt for fest og feiring over store deler av verda.



Karnevalet er ikkje ei ny oppfinning. Ei av dei eldste karnevals-tradisjonane finn vi i Paris rundt 1200 talet. Ordet Karneval stammar frå latin caro (-kjøtt) og vale (-farvel) altså «å seie farvel til kjøt». Frå gamalt av varer fastelavn i tre dagar og vi skal gjennom både Blåmåndag og Feitetysdag før vi ender opp på Askeonsdag. I det historiske utgangspunkt for karnevalet finns det eit kristent motiv: Under karnevalet skulle roller og posisjonar i samfunnet bli snudd på hovudet. Den siste skulle bli den første, og den minste blei størst av alle. Den fattige jenta skulle bli krona til karnevalets dronning. Det var ein glimt av ei annleis verd, av det som Jesus kallar Guds rike eller himmelriket.

fellesskap  
og aktivitetar gjennom å bidra med sine ressursar og gaver?

### **Ein regnboge over fastetida**

FASTETID – eit oppspel. Kvart år vender fastetida trufast tilbake, og alltid er det stemmer som spør: Kva betyr fastetida for oss i Norge i vår tid? Om so er kva bør være kjenneteiknet for fastetida: Å kjempe for rettferd – eller å vende seg til Gud i bøn?

**Sju søndagar frå fastelavn til palmesøndag.** Fastetida gjev rom for fordjuping. Gjennom sju veker tenner vi dei regnbogefarga lysa eit for eit, til heile regnbogen lyser.

### **Sju fargar for mangfold og heilskap.**

Regnbogen sine sju fargar symboliserer dette mangfaldet, ein heilskap der dei enkelte delane påverkar og er avhengige av kvarandre. Mangfaldet er dyrebart og heilskapen er skjør og det utfordrar oss til å kjempe. Difor er kamp eit nøkkelord for de sju fargane. Å kjempe for rettferd og fridom er ein del av kyrkja sitt diakonale oppdrag.

**Sju lys for håpet.** Veke for veke tenner vi nye lys, heilt til det skin av alle regnbogens fargar. Til saman representerer fargane verda, og lysa som blir tent, står for håpet. HÅP er eit nøkkelord for dei sju lysa. Håpet er at Kjærleiken held ut alt. Fastetida er ein vandring gjennom eit landskap av tvil, smerte og sorg, fram mot det som er kyrkja sitt håp: Guds kjærleik i Jesus held ut alt, trur alt, håpar alt og tåler alt, og at dette håpet er bekrefta ved at Jesus stod opp frå de døde.

**Hildur L. Lillestøl**

KATEKET



# Ja, vi elskar dette vatnet

- Vatnet smakar mykje betre, og kleda er mykje reinare enn før, seier Richard Wilson, før han tek ein ny slurk av vatnet frå landsbyens nye brønn. No er livet enklare, friskare og meir morosamt for Wilson.

Før kunne Wilson bruke mange timer på å hente vatn til familien. Køen ved brønnen kunne vere lang, og for kvart minutt med venting, vart det eit minutt mindre med fotballspeling saman med venene. For ein 13 år gammal gut er det hardt å akseptere. Men vatn må familien til Wilson ha, og å skaffe vatnet er hans ansvar. Og det er eit tungt ansvar, bokstaveleg talt. Fire kanner med vatn skal fraktast frå brønnen og heim, og når kannene er fulle er vekta på 80 kilo. Det er god trim for ein 13-åring, kanskje litt for mykje av det gode, tenkjer mange. Men vatn må familien ha.

Den gode nyheita er altså at det nyleg har skjedd endringar i landsbyen Ikonda, der Wilson bur. I landsbyen har fleire brønnbyggjarar fått opplæring, og ein ny brønn er på plass. Den har gjort køen ved brønnen kortare og vatnet reinare. Sjukdommar som diaré og urinvegsinfeksjon er også langt sjeldnare enn før.

- Før kunne eg ha vanskar med å tisse, og

eg hadde mykje vondt i magen. Men no er det mykje betre. I framtida håper eg at vasstilgangen vil bli endå betre, og at folk si helse også vert betre, seier Wilson, som no også har betre tid og helse til å spele fotball - slik 13 år gamle gutar skal gjere.

Det er i år 50. gong at Kirkens Nødhjelp gjennomfører Fasteaksjonen. I 50 år har altså kyrkjelyder over heile landet bidrige til at millionar av menneske har fått den hjelpe dei har rett på. Reint vatn og tilgang på mat er ein rett alle menneske har, og Kirkens Nødhjelp kan aldri få gje nok takk til dei som har støtta aksjonen trufast gjennom 50 år.

2017 er også året der lutherske kyrkjer over heile verda markerer at det er 500 år sidan Martin Luther hang opp tesene i Wittenberg. Kirkens Nødhjelps fasteaksjon står sentralt i den norske 500 års-markeringa, og målet er å vise diaconi i praksis ved å gå med bøsser den 2-4. april.

Me kan ikkje alle berre reise til Wittenberg for å feire. Me må sette oss ned og sjå på alt me har oppnådd desse 500 åra. Me kan ikkje berre be om pengar, og seie halleluja og amen. Me må sjå på kva me kan gjere for samfunnet vårt, seier Emmanuel Makala som er biskop i den lutherske kyrkja i området der Wilson bur.

50 års-jubilanten Fasteaksjonen er den

stødige påla i Kirkens Nødhjelps daglege arbeid. For å klare å hjelpe flest mogleg også dei neste 50 åra treng Kirkens Nødhjelp draghjelp frå våre trufaste bidragsytarar. Du kan bidra til at Fasteaksjonen vert ein suksess i Os kyrkjelyd, anten ved å stille som bøssebærar, eller ved å gje pengar i bøssa. Det har aldri vore enklare å bli ein brønnbyggjar.

**Vil du være med på  
innsamlingsaksjonen  
tysdag 4.april?**

Mogelegheitene for å bidra er mange. Oppgåvane er å gå med bøsse, vere sjåfør, vere til stedes på ein av utdelingsstasjonane, og anna.

**Ring gjerne til kateket Hildur L.  
Lillestøl på 56572414 eller send  
e-post til [hll@os.kyrkja.no](mailto:hll@os.kyrkja.no) dersom  
du ønskjer å være med, eller om du  
har spørsmål.**



**KIRKENS NØDHJELP  
actalliance**



# Join Us Tensing

Fekk du med deg julaftangudstenesta frå Os kyrkje? Viss ikkje så kan du på NRK.no/tv og sjå og høyre Join Us Ten Sing som deltok i gudstenesta med song og musikk. Dette vart sesongavslutning for koret i 2016, og eit av høgdepunkta igjennom året.

## Join Us Ten Sing har meir på programmet:

- Deltek under gudstenesta 19. mars med song og musikk.
- Laurdag 20. mai vert det årlege vårshowet halden i den nye Storsalen i Tunet, med song og musikk, dans og drama.
- Laurdag 30. september vert det 40-årsjubileum med «Join Us laurdag» med korøving for 'tidlegare' Join Us-kor på dagtid, konsert på ettermiddagstid etterfølgd av ein flott festkveld.

**Med andre ord; Mykje å gle seg til!**

Inger-Johanne Haugland  
VAKSENLEIAR I JOIN US

## Tune-in Konfirmantar

I løpet av konfirmasjons-tida får konfirmantane tilbod om å delta på forskjellige interesse-grupper. Ei av desse gruppene er Tune-In.

Tune-In konfirmantane er i år med og bidreg inn i klubbarbeidet ved å skape eit godt miljø for dei som er innom klubben. Dei får og delta med aktivitetar som dei sjølv bedriver. Det vært og mogleg for kvar enkelt å vere med på leiarar. Vidare er det og ein liten bokl med undervisning og ein liten appell knytt til kvar samling. Som du kanskje har lagt merke til har store deler av K-tunet gjennomgått endringar. Klubben skal og få eit ansiktsløft og me held i desse dagar på å utforme korleis det nye klubbrommet skal sjå ut. Mange av dei eksisterande elementa vil værte videreføret, medan andre lyt vike for oppgradering/endring. Dette er noko som me synest er spennande og viktig. Ikkje berre for rommet, men og fordi det er noko med det å vere relevant for målgruppa.

Når det gjeld trinn 3 er det mykje som skjer. I den forbindelse kjem det og til å melde seg behov for personar som kan ta seg av det tekniske aspektet rundt drifta. I den forbindelse er me på leit etter ungdom som kan tenkje seg å få opplæring i lyd, lys og scene som kan være med i ei gruppe som drifter det tekniske. Sjå annonse på korketavla lenger bak i bladet.

**For spørsmål rundt dette ta kontakt med kyrkjekontoret.**

## TUNET Kyrkje- & kultursenter

Program opningshelg 10-12. mars

**Fredag 10. mars kl 19:00:** Offisiell opning av Tunet – kyrkje- og kultursenter. Variert program: song, musikk, helsingar og underhaldning. Servering. Billettar (kr 250,-) til salgs frå 22. februar på kyrkjekontoret.

**Laurdag 11. mars:** Ope dag i TUNET frå kl 11:00 og utover. Kom og sjå det nye TUNET – kyrkje- og kultursenter. Program for dagen vert presentert på [www.kyrkja.no/Os](http://www.kyrkja.no/Os) og Facebook: Os kyrkje.

**Sundag 12. mars: FESTGUDSTENESTE I OS KYRKJE kl 11:15**  
Kyrkjekaffi i Storsalen etter gudstenesta. Sundagssamling i Kyrkjetonet kl 17:00

**Sjå oppdaterte opplysningar på [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)**

# Kjære venner og støttespillere i Norge!

**En hilsen fra menighetene i Saku og Mustamäe, som Os kyrkjelyd støtter gjennom misjonsavtale med Det Norske Misjonsselskap**

## SAKU

I Saku har vi hatt et hektisk, men godt år. Vi er en liten menighet med 83 medlemmer – både store og små. Det har kommet 17 nye til i løpet av året. I år har det vært regelmessig babysang, søndagsskole, jenteklubb, fotballgruppe, matpakkeutdeling, Saku Gospel, ungdomskvelder, konfirmantkurs, bibelkvelder, bønnegrupper og guds-tjenester, i tillegg til enkeltarrangement som leirer og markeder. Det er til sammen flere hundre som har deltatt på arrangementene våre – uten at vi har noe nøyaktig tall.

## Et portrett

Jeg har lyst til å dele et lypunkt fra året. Hun heter Eleri, ei positiv dame i midten av 20-åra. Hun ble konfirmert og med i menigheten for ett år siden. Da hun ble konfirmert, sa hun at hun godt kunne tenke seg å bli med i søndagsskolearbeidet. Allerede i januar meldte hun seg på kurs for søndagsskolelærere, og ble med i søndagsskolelærer-teamet vårt. I høst hadde hun for første gang hovedansvaret for en søndagsskoletime, og det gikk veldig bra. Før jul var hun en av de hovedansvarlige for både julemarkedet og menighetens julefest! Eleri har vært en Guds gave til menigheten.

## MUSTAMÄE

I Mustamäe har det vært et hektisk, men bra år. Gud har sørget for oss på en helt spesiell måte: Vi har hatt bra med deltagere, medhjelpere og penger i år. Jeg av hele mitt hjerte og på vegne av menigheten takke alle som har støttet menighetsarbeidet og bedt for oss! Uten dere hadde det ikke vært mulig. Jeg vil trekke frem noen viktige punkter: barne- og ungdomsarbeid og kirkebygging.

## Barne- og ungdomsarbeid

Både babysang og søndagskole er

spennende, gøy og lærerikt for barna. I høst har de gjennomgått de ti bud med barna på søndagskolen og barna syntes det var kjempespennende. En 6 år gammel jente, Kersti, som begynte i høst hadde hatt „et kurs“ for sin mor om det. Etter julefesten, da de tok bussen hjem, hadde hun plutselig begynt å fortelle om alt de hadde gjort på søndagskolen. Hun hadde telt opp alle de ti budene og forklart hva de betydde med en høy stemme slik at i hverfall halparten i bussen fikk en søndagskoletime „gratis“. Da vi tok kollektivbuss på leir med 20 unger, tok de opp en dyp diskusjon om Gud og Jesus og en av dem ropte til meg høyt over bussen: „Hva betyr Halleluja?“ Det var morsomt å se reaksjonene på folk; noen var litt skremt, noen turde å smile litt – en god måte å drive misjon utenfor menighetslokalene.

Vi har hatt stor glede av alle barna. Ungdomsarbeidet har vi skikkelig strevet med å få skikkelig i gang. Vi har hatt 1-3 ungdommer vanligvis + 2 ledere. Noen få ganger mellom 5 og 8 ungdommer. Vi har ikke visst hva vi skulle gjøre for å få mer ungdommer. I høst bestemte våre unge voksne (5 pers) å gjøre noe mer sammen for å få ungdomsarbeid i gang. De har hatt bønne- og planleggingsmøter, og når den første ungdomskvelden ble avholdt i høst, kom det fire ungdommer. Men de ga ikke opp, og bestemte seg for å ha gode møter framover uansett om det kommer noen flere eller ikke. De er jo der uansett sammen, og disse kveldene er også for ledernes egen del. De bestemte seg for å ha en ungdomskveld rett før jul. De laget en god plan for kvelden, men dagen før viste det seg at tre av lederne kunne ikke komme. De få tenåringene som kommer fast kunne heller ikke.

De to lederne var selv veldig slitne og litt triste, for det så litt håpløst ut – men Gud gir deg et under når du trenger det mest. Den ungdomskvelden ble virkelig en suksess. Det kom mange tilsammen 25 ungdommer (det er mange for oss!), noen var helt nye - et juleunder den 22.desember.

## KirkeBygging

Vi har fullført og betalt prosjekteringen av Mustamäe kirke. Vi har etablert stiftelsen „Mustamäe Kirke“ med tre parter: Vår menighet, EELK Konsistoriet og Tallinn by. Tallinn by vil støtte bygningen med halvparten av pengene, 1,5 millioner euro (ca 13,5 millioner kroner), De vil gi sin del i 2017 for at vi kan bygge ferdig råbygget, og kanskje første etasje innvendig. Samtidig må menigheten samle inn resten av pengene for å gjøre alt ferdig. Dette er en utrolig flott mulighet, men samtidig legger det på oss et stort ansvar for å samle inn mye penger ganske fort.

**Tiina Klement og Magne Mølster**



## Bli med på kyrkjelydstur til Estland 6-9. oktober

6- 9. oktober vert det kyrkjelydstur til Estland der vi vil sjå og møta kyrkjelydane i Mustamäe og Saku. Vi reiser med fly fra Bergen til Tallinn via Oslo. Meir informasjon kjem i neste kyrkjeblad, og i kyrkjelydens digitale kanalar. De kan og ta kontakt med Roar H. Evjedal på rhe@os.kyrkja.no for meir informasjon.



«Vondt i viljen».

## «Kick Off»-samlings

Laurdag 14. januar var mange samla i Eldstova og fekk presentert friske og flotte musikalske innslag frå «Vondt i ryggen», «Vondt i hovudet» og «Vondt i viljen», (- det høyrast nærest ut som årsmøte i ei Hypokonderforeining).

Men samlinga hadde to viktige formål; informere om byggearbeidet til trinn III, gje motivasjon og kunnskap om korleis vi kan vere med å delta i spleiselaget.

Bjørn Atle Drange delte i sin appell litt om bakgrunn for historia bak kyrkjjetunet frå 1970-talet og fram til trinn I stod klar i 1989.

Osvald Hindenes, som har lang fartstid frå misjonsmarka, peikte på den utfordring og ikkje minst store potensiale vi som kyrkjelyd har til å bringe bodskapen om Jesus ut i Os-bygda med eit flott arbeidsreiskap som kyrkjjetunet er, - og ikkje minst den sentrale

plassering Tunet har i Os sentrum. Møtelyden var invitert til å kjøpe lodd og vere med i trekkinga på hyggelege gåvekort. Det var ikkje billig-lodd, men etter kort tid var alle loddna utselde og 3 gåvekort til Oseana og eit til Solstrand -lunsj vert fordelt til lukkelege vinnarar.

Kaffipause og ein raus buffet med eit breidt utval av bollar, kaker, lefsar, m.m. smakte godt.

Fleire teikna seg og til fast gjevarteneste; dei ville og vere med på «vinnarlaget» som skal realisere «draumen om storsal»!



Osvald Hindenes



«Vondt i ryggen»

## Finansiering

Finansiering av bygget er ved eigenkapital gjeve med gaver, kommunalt investeringstilskot (2 mill.) og låneopptak.

Kyrkjelyden skal betjene dette lånet utan at det går ut over kyrkjelydsarbeidet. Vi treng derfor MANGE faste gjevarar som bidrar med eit beløp dei har rom for i økonomien sin. «Mange bekker små....» det er viktig at mange teiknar seg for fast gjevarteneste, det gjev stabil og trygg inntekt.

**Måtar du kan gjere det på:**  
ALL INNBETALING SKAL SKJE TIL  
konto 3201 53 23476

Opprett fast trekk i nettbanken din til konto 3201 53 23476. Du vel sjølv beløp og kva dato du vil ha det månadlege trekket.

**Eingongsgåver:**  
Bruk konto 3201 53 23476.

Gå inn på soknerådet si heimeside: [kyrkja.no/os](http://kyrkja.no/os). Under artikkelen om kyrkjjetunet finn du ei lenke der du kan teikne deg for fast beløp. Ha BankID klår og du kan signere avtalen i banken din.

**v~~o~~pp** til 20250  
(Os kyrkjestyre/sokneråd)

**mCASH** til Os sokneråd:  
scan qr-koden.



# Språkkaféen

**Det er heilt fantastisk;  
det kjem stadig nye  
folk til språkkafeen!**

Det er eit pulserande, myldrande fellesskap av kulturar og språk, latter og nye venskap. Dei som kjem er i alle aldrar. Nokon kan norsk bra, og andre har akkurat starta prosessen med å lære det norske språket. No skal vi fordele oss på to rom. Behovet for at nokon kjem på språkkafeen for å prate norsk, er derfor ekstra stort!

Ved hjelp av ulike oppgåver og samtaletema snakkar dei vaksne saman, mens barna teiknar og pratar ved eit eige bord.

Særleg treng vi at nokon kan vere saman med dei unge som kjem. Ungdommane sit på eit anna rom, og samtalar om ulike tema og har leik og aktivitetar tilrettelagt for dei.

## Vil du være med å snakke norsk på språkkafeen?

Det er stort behov for fleire som snakkar norsk som morsmål. Kom på språkkafeen og sjå korleis vi har det der, eller ta kontakt med Diakon Jannike på tlf. 56572406 eller på e-post: [jgr@os.kyrkja.no](mailto:jgr@os.kyrkja.no)

Håpar å sjå deg på neste språkkafé!



## Kjøp fastelys i REGNUENS FARGER!

- 7 kubbelys med kalender og bøsse, kr.150,-
- 7 kulelys (små) med kalender og bøsse, kr.110,-
- 7 stavlys med kalender og bøsse, kr. 50,-

### FASTELYSPAKKEN kjøper du direkte på Kyrkjekontoret, Osøyro

Lysene er produsert av NMS Gjenbruk «Knausen lysestøperi». Lysestumper kan leveres inn på Os gjenbruk hele året!



## Velkommen til Ope Hus

Ein torsdag kvar månad er det Ope Hus heime hos oss i Velumsbrekkene 28, frå klokka 1930. Datoane finn du på Os kyrkje si nettside, og i Kyrkjebladet.

Tanken er å gi rom for eit lengre foredrag/bibeltime med utgangspunkt i tekstar frå Bibelen. Vi hentrar talarar frå ulike samanhengar; prestar, teologar og vanlege lekfolk, også frå eigne rekkjer. Startar med litt song/musikk, deretter tale/foredrag i 30-40 minutt, og open refleksjon rundt temaet etterpå. Den enkelte talar får sjølv bestemme tema. Vi trur det gjev den beste garantien for eit godt og engasjerande foredrag. Vi avsluttar med enkel og god kveldsmat. Dei fleste går heim rundt kl. 22, men går praten lett, drøyer det ofte med heimturen.

**Kvífor Ope hus?** Vi trur kyrkjelyden treng ein god balanse mellom små og store fellesskap. Små fellesskap gjer det lettare å bli kjend/byggje relasjonar og opnar opp for djupdykk i ulike tema. Vi har halde på med dette i nokre år, og det kjem i underkant av 20 personar kvar gong. Det er stor variasjon når det gjeld kven som kjem, så vi konkluderer derfor med at rundt 30-40 ulike personar jevnleg er innom samlingane. De fleste er nok mellom 40 og 60 år, men både yngre og eldre har blitt observert.

**Kven er dette for?** Alle som vil!! Det å setje av tid til eit slikt fellesskap trur vi er svært verdfullt og vi er overtydde om at dei alle fleste har opplevd dette som vel nyttig tid. Så kvífor ikkje ta sjansen og koma? Det er ein ugrunna frykt at det blir for privat å koma heim til nokon. Tvert om! Mykje lettare å bli kjend og samstundes kjekt å kunne delta i gode samtalar.

**Datoar for Ope Hus**  
**heime hos oss i Velumsbrekkene 28:**  
**9. februar, 9. mars, 30. mars,**  
**4. mai, 1. juni.**

Helsing  
Grete og Vegard Hodneland



# Opplev Påska

## - påskevandring for 5-åringar



**Er du 5 år, eller blir 5 år i år? Gle deg! Då får du smart invitasjon i posten!**

Måndag 3.april kl 17 – 18.30 inviterer Os kyrkjelyd til trusopplæringstilbod for 5-åringane. Påskevandring for 5-åringane er ei interaktiv påskevandring i kyrkja. Vi brukar eit utarbeida opplegg frå England der borna aktiv får «gå» gjennom påskeforteljinga. Vandringa inneheld

seks stasjonar med kvar si overskrift som representerer dei sentrale hendingane og dagane i påska. Vi ser for oss at det kan vere vanskeleg å senda 5-åringen åleine på dette tiltaket, så ein forelder er hjarteleg velkommen til å vera med.

Tidspress er eit vel kjend omgrep for småbarnsfamiliar, og vi ønskjer å leggja til rette for litt mindre av dette. Vi førebur «Suppekafé» i kyrkjetunet kl 16 – 17, timen før opplegget startar i kyrkja.

**Sjå etter invitasjon i posten! Vel møtt!**

### **vil du hjelpa til?**

Dersom du som les ønskjer å hjelpe til med ei praktisk oppgåve i dette tiltaket, ta kontakt med kyrkjetakretet; tlf 56 57 24 00.

Det kan til dømes vere; leia ei gruppe born i vandringa, eller hjelpa til på kjøkenet. Vi er utruleg takksame folk!

## Heilt førsteklasses!

**Dei som går i 1. klasse i Os, blir invitert til å delta på tiltaket «Heilt førsteklasses!»**

Dette er 3. gang Os arrangerer tiltaket, og vi har gode erfaringer frå forrige år. «Heilt førsteklasses» tek utgangspunkt i 6 års boka som dei fekk i kyrkja ved skulestart.(dei som ikkje fekk då, kan få når dei kjem).

Dette er 5 torsdager fra starten av mars

og fram til veka før påske. Startar torsdag 9.mars og siste gang er torsdag 6. april. 17.30-19. Barna kjem inn sein ettermiddag, har ei samling der dei får lære om historiane i 6 års boka, ein hobbyaktivitet og samlinga avsluttast med kveldsmat.

Søndagen etter at «Heilt førsteklasses» er ferdig, deltar barna på Palmegudsteneste.



**Sjå etter brev i posten når det nærmar seg - Påmelding er nødvendig.**

## Kyrkjetunet i Os

Etter ei tid med oppussing av «gamledele» av Kyrkjetunet er vi glade for igjen å kunne tilby lokaler for minnesamvær, dåps- og konfirmasjonsselskap, kurs m.m.



**Lokaler med kapasitet opp til 80 personar, frå medio mars opptil 120 personar. Vi tilbyr kjøken – og betjening i forbindelse med minnesamvær. Kontakt oss på telefon 56572400 eller [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no).**





# Likekjønna vigsel - også i Os-kyrkjene

**Kyrkjemøtet vedtok/godkjente 30. januar 2017 liturgi  
for vigsel av likekjønna par.**

Prestane i Den norske kyrkja har høve til, ut frå si vurdering og forståing av kva som er rett lære, å sei nei til å vie likekjønna par. Dersom det ikkje er lokal prest som kan foreta vigsel, skal prosten i prostiet syte for å hente inn prest som kan foreta vigsel av paret.

Soknerådet v/ kyrkjeverja syter for at kyrkja er klår til seremoni og at det er organist og kyrkjetenar som bidrar ved vigselen på lik line med andre brurevigslar.  
Dersom det er likekjønna par i Os som ønskjer kyrkjeleg vigsel i Os, må dei ta kontakt med kyrjkekontoret slik at vi kan legge fint til rette for dykk.

**Kyrkjeverja**

## (Sacred Concert Duke Ellington) Konsert i Os Kyrkje Søndag 12. mars kl. 18.00


**MEDVIRKENDE:** Kyriaké, Birkeland kantori, Voss kantori, Voss storband.

**SOLISTER:** Sopran, Tone Åse / Saksofon, Elisabeth Lid Trøen /  
Piano, Åsmund Weltzien / Dirigent, Magnus Kløften.

**BILLETTER KR 250,-**

Selges på Kyrjkekontoret og ved inngangen.

Forhåndsbestilling: tlf 45220182 (Tryggve Lillestøl)



**KLIMAFAKTA OG MILJØTIPS:**

## La olja liggja

Assisterande generalsekretær i Mellomkyrkjeleg råd for Den norske kyrkja, Einar Tjelle, har i mange år vore med på FN sine klimatoppmøte. Den globale klimaavtalen som alle land vart samde om i Paris i desember 2015, er no gjeldande som internasjonal rett. Målet er å halda oppvarminga under 2 grader, helst ikkje meir enn 1,5 grad. Med dagens utslepp vil me nå dette kritiske punktet om få år. Tjelle meiner at kyrkjer og trussamfunn må gå føre med ein meir berekraftig praksis, lågare forbruk og ein solidarisk grøn diakoni.

Det er fleire eksempel på at dette skjer. Kyrkjene sitt verdsråd har bede kyrkjer og organisasjonar om å trekka investeringar ut av fossil energi og investera i fornybare løysningar. For å være ein truverdig aktør må Noreg forplikta seg til kraftige klimagassskutt på heimebane. Tjelle peikar på at dette i klartekst betyr at leiting etter meir olje og gass er uansvarleg. Mesteparten av dei fossile ressursane må bli liggjande.

Som eit rikt, oljeproduserande land har Noreg eit særleg moralsk ansvar for å hjelpe fattige og utsette land med klimafinansiering og erstatningsordningar slik at dei kan å nå utsleppsmål og tilpassa seg klimaendringane som våre utslepp og oljeproduksjon har ført til. Me må òg tenkja radikalt nytt om Oljefondet. Investeringar bør dreiest i grøn retning ved at ein større del blir investert i fornybar energi og klimatilpassing i fattige land.

**Gunnar Kvåle**

Kjelde: <https://kirken.no/nb-N0/om-kirken/aktuelt/-la-olja-ligge-for-globalt-klima/>

# Å, hjelp meg du som hjelpa kan (Salme 116)

Teksten er frå «Haugtussa» av Arne Garborg. Veslemøy syng han i siste delen av diktsyklusen. Du-personen blir ikkje namngjeven, men songen er eit tydeleg rop til Gud. Melodien er av Martin Luther og Johann Walter. Sidan dette er Luther-året skulle vi sjå meir av salmane han skreiv. Kanskje teksten «Av dypest nød jeg rope må» er meir kjent til same melodien.



**Andrew  
Holman**

Å, hjelp meg, du som hjelpa kan!  
Du ser kor sårt eg strider.  
Mitt hjarta trøytt i tunge band  
forutan von seg vrider.  
Mi naud eg kan kje ut få sagt.  
Det vonde fekk så stor ei makt.  
Som brann i barm det svider.

Ja, hjelp meg, du som hjelpa kan!  
Til deg mi bøn eg sender.  
Du stridde sjølv og over vann;  
du mørkemakti kjenner.  
Mi naud er stor, min strid er fæl!  
Ver hjå meg du som vil meg vel!  
Då veit eg alt seg vender.

## TITT vår 2017

TiTT è Torsdag i Tunet

Alle møter i Kyrkjetunet; start kl 20:00 - 22:00. Mal for alle samlingane: musikk, enkel kveldsmat, innlegg frå kveldens gjest. Høve til spørsmål og kommentar. Samtale.

### Torsdag 16. februar

Biskop i Bjørgvin, Halvor Nordhaug: «Arven etter Luther»

### Torsdag 30. mars

Kommunikasjonsrådgiver i Oslo bispedømme, Miriam Stålsett Follesø: «Kirkens retorikk i vår tid».

### Torsdag 27. april

Anne Magnus, fagleg rettleiar ved senter for incest og seksuelle overgrep i Hordaland: «Seksuelle overgrep - et samfunnsproblem vi må forholde oss til».

## Sokneprestens hjørne:

### Et flygel til doktor Hodneland, ei kirke i Estland og en storsal i Os

**«Jorda er di Gud og alt som fyller den, Av ditt eige gjev vi deg attende.» Med glede gir vi våre gaver i kirken, til Guds ære.**

Det er et gammelt bibelsk prinsipp å gi tiende. Hvordan vi regner, og hvor mye som faktisk er mulig å avstå må være opp til den enkelte. Men mange av oss har mulighet og bør derfor avstå noe til fellesskapet. Det er mange gode formål der ute. Likevel vil jeg trekke frem tre konkrete formål som soknerådet peker på.

#### Kronerulling til flygel i storsalen.

På Kick-off kvelden i januar holdt Vegard Hodneland en appell om at vi

måtte samle inn penger til et skikkelig instrument i den nye storsalen. For 300 000 kroner kan vi få et godt flygel til en god pris. I tjenesten for Gud som skapte skjønnheten og så at alt var såre godt, ønsker vi kvalitet på alt vi gjør. Et godt instrument er et godt arbeidsredskap. Mange bekker små blir fort 300 000 kroner. Bruk konto 3201 53 26254. MERK GAVEN: «INSTRUMENT»

**Ei kirke i Estland.** Gjennom menighetens misjonsprosjekt støtter vi bl.a menighetsbygging i Estland. Der er de klare for å bygge kirke i Mustamä. Ett av ofrene til misjonsprosjektet vil vi derfor øremerke kirkebyggingen der. Se for øvrig omtale på misjonssiden



**Storsal i Os.** Når dette bladet er i postkassene er storsalen i Kyrkjetunet på det nærmeste ferdig. En 30 år gammel visjon om et kyrkjetun i 3 byggetrinn er dermed realisert nå når trinn tre står ferdig. At det var trangt med trinn 1 og 2 er vi mange som har kjent på. Dette er stor glede. Men det koster. Vi trenger 60 000 kroner i måneden for å forsøre renter og avdrag. Faste månedlige bidrag, store eller små, vil være med å gi forutsigbarhet. Og ikke minst trygghet for at vi slipper å hente penger fra drift og dermed redusert aktivitet

**Margrethe Holmboe Askeland**  
SOKNEPREST



# Notat frå møte i Soknerådet 19. januar 2017



Solen har snudd, det går mot lysere tider og nytt byggetrinn på kyrkjetunet er i ferd med å ferdigstilles!

Lørdag 14. januar var det et vellykket kick-off møte til ære for alle glade bidragsytere som er med på denne dugnaden. Men det er plass til flere, så her er det bare å melde seg som fast giver!

Den offisielle åpningen er planlagt til 10. mars, så hold av plass i kalenderen hvis du vil få med deg den store anledningen.

I tråd med nyårets gledelige meldinger og gode stemning startet soknerådet sin sesong med årets første møte 19. januar. Hovedsaken denne gang var budsjettet for 2017, som heldigvis ser ut til å balansere inntekter og utgifter på en forsvarlig måte. I hvert fall ser det slik ut foreløpig, ting kan skje i løpet av året og det er blant annet usikkert nøyaktig hvordan driftsutgiftene til det nye kyrkjetunet vil bli etter utbyggingen. Ellers er det i liten grad snakk om drastiske endringer fra tidligere år, men vi gleder oss over at kommunen har løsnet litt på pengesekken og vil bidra til at diakonstillingen kan utvides fra 50 % til 100 %. Budsjettet ble vedtatt og velsignet av kyrkjestyret, det vil si soknerådet og kommunens representant som nå også er ordfører i bygda.

En annen gledelig aktivitet er å fordele deler av overskuddet fra julemessen til aktverdige aktiviteter for barn og ungdom i menigheten. Takk til alle som var med og gjorde en innsats før jul, nå får vi lønn for strevet. Et annet prosjekt som trenger noen flere bidrag er kyrkjebladet, som dessverre går med underskudd. Soknerådet er innstilt på å fortsette å gi ut bladet, og heldigvis sørger mannskap fra Os Y's Men for distribusjon. Men bruk gjerne den vedlagte giroen neste gang og betal en frivillig bladavgift! Eller kanskje du kjenner en annonsør med dype lommer?

Alt tyder på at det går mot spennende tider med sammenslåing av Os og Fusa kommuner, og dette får betydning også for hvordan kirken skal organisere seg. I løpet av en 2-3 års periode må kyrkjelydene i de to kommunene forberede seg på sammenslåing, sannsynligvis blir resultatet to sokn med ett fellesråd og en kyrkeverge på toppen. Møtevirksomheten om dette har så vidt startet, og det vil bli opprettet en prosjektgruppe som skal jobbe videre med planlegningen.

**Med ønske om gode dager og Guds rike velsignelse til deg som leser dette,**

**Jo Kåre Herfjord**

## Luther i Os

**Reformasjonsåret 2017 er i gang, med markeringer og arrangement mange steder.**

I Os benytter vi oss av tilgjengelige arrangement flere steder, samtidig som vi har valgt å trekke frem Luther i noen settinger lokalt. Torsdag i Tunet 16.februar kommer biskopen. Han fortjener en stor tilhørerskare. Videre har prestene sett på hvordan vi kan ta dette inn i gudstjenestene. Vi har landet på at Luther-temaer fokuseres i enkelte gudstjenester. 22.01 i Os: Jesus alene. 12.02 Nore Neset: Skriften alene og 02.04 Os 11.15: Nåden alene/troen alene. Kan hende vil menigheten også oppleve at det står flere Luther-salmer enn vanlig på salmesedlene og. **Følg med!**

## Lutherhelg i Fusa 24.-26. mars

Det er 500 år sidan Martin Luther slo opp sine berømte teser på kyrkjedøra i Wittenberg.

Tesene var korte setninger, meint til diskusjon av praksisen omkring avlatshandelen, som i Luther si samtid hadde utvikla seg til å bli ein metode til å kjøpa seg plass i himmelen. Luther ville dette misbruket til livs, og hadde ikkje ein reform av kyrkja i tankane då han spikra opp tesene. Likevel var det akkurat det som vart resultatet og etter kvart grunnen til at me har ei evangelisk, luthersk kyrkje i Noreg i dag. Jubileet vert markert i Fusa med vitjing av Joar Haga, fyrsteamanuensis i kyrkjhistorie ved NLA høgskulen.

**Fredag 24. mars kl 19:00 Seminar på Eikelandsosen bedehus v/Joar Haga.** Tema for kvelden: Kva vil det seie å vere luthersk i dag? – å knyte det lutherske uttrykket og nyoppdaginga «rettferdiggjering av tru áleine» med opplæring av nye generasjonar. Etter foredraget vert det ope for spørsmål og diskusjon over ein kaffikopp.

**Laurdag 25. mars kl 17:00 Koncert i Fusa kyrkje med orgel og kor.**

Luther hadde eit sterkt ønske om å gje vanlege menneske høve til å syngje med, på sitt eige morsmål, under gudstenesta. Salmane vart soleis både gudsteneste og undervisning i kristendom, noko som skapte behov for nye melodiar og ny musikk.

Det vert såkalla «katekisme-salmar», ein Kyrie- og ein Gloria-salme, alt omkransa av det majestetiske Preludium og Fuge i Ess-dur. Kantor Iman de Zwarte vil framføre «Dritter Theil der Clavier-Übung» av Johann Sebastian Bach.

**Søndag 26. mars kl 11:00 Gudsteneste i Fusa kyrkje, tale v/Joar Haga.**

Velkommen til spanande dagar - til lærdom og inspirasjon henta frå vår lutherske arv - til hjelp for tru og liv her og no, i 2017.

**Norunn Rød Markhus**  
KYRKJELYDSPEDAGOG I FUSA KYRKJELYD

## Datoar for ungdomsklubben Stallen

I Nore Neset kyrkje kl. 19.30-22.00, for 7. klassingar og oppover:

- 10.02.17
- 17.02.17
- 10.03.17
- 24.03.17
- 21.04.17
- 05.05.17

## Kyrkjelyden sin årsfest

Sundag 26/3 kl 18:00

Os fellesfor. av Det Norske Misjonsselskap held  
**Årsfest i Kyrkjeturnet**  
Søndag 19.mars kl. 16.30

- Misjonsandakt v/ Kjellaug Aase Fyllingsnes
- Sang v/Grete Inger Berge
- Årsmøtesaker
- Ettermiddagskaffe
- Misjonsoffer

**VELKOMMEN!**  
Arr: Fellesforeningen

**Open sundag i Tunet**

- 19. februar
- 19. mars
- 23. april

## Datoar for Familie KRIK

5. februar /19. mars / 23. april / 21. mai  
KL 16.30-18.30 i Nore Neset aktivitetshus.

## Har du interesse for lyd, lys og scene?

Den nye storsalen vil ha fastmontert teknisk utstyr for lyd, lys og scene. Vi ønskjer å bygge opp ei gruppe på 10-15 teknikarar knytt til storsalen som snart står klar til bruk.

Ei gruppe med folk som kan betjene anlegget under arrangement, og møtast jevnleg til temakveldar med fagleg påfyll om tema knytt til lyd, lys og scene. Dagens Teknikkgruppe i ungdomsmiljøet vil delta i den større gruppa. Vi søker deg som er voksen, og deg som er ung, som har lyst å bidra i eit godt og trygt miljø og vere med på å utvikle kompetansen blant medlemmene i gruppa.

**Er du interessert og/eller vil vite meir, ta kontakt innan 24. februar.**

Oppsummering av arbeidet i 2016 og satsingsområder framover.  
Informasjon og samtale.  
Matøkt og Ord for kvelden.

**OS SØKNERÅD**

Gerhard August Hansen

Os Kyrkjekontor

Telefon 56572403/ mobil 91162199

gah@os.kyrkja.no

## LørdagsSprell Nytt barne- og familietilbod i Nore neset kyrkje.

### Kva er LørdagsSprell?

Ein laurdag i månaden, kl 11 – 13, samlast barnefamilier i Nore neset kyrkje. Her syng vi saman, store og små. Så får borna høre ei bibelforteljing frå søndagsskuleopplegget «Sprell Levande». Etterpå leikar vi litt; med duplo, lego, turner på matter eller teiknar. Kl 12 et vi graut i lag før vi avsluttar saman i ring. Fokuset er på 1-4/5-åringen, men vi ønskjer at heile familien skal kjenna seg velkommen. Vi ønskjer ikkje å leggje opp til aktivitet som deler familien. Det er helg og dersom familien kjänner for å vera saman, skal dei få vera det på LørdagsSprell! Her treff du kanskje kjente etter babysang, eller blir kjent med nye familiarar. Her er terskelen lav og døra høg! **Vel møtt!**

**Datoar for våren:** 14.jan, 18.febr, 11.mars, 1.april, 22.april, 20.mai.

## Eldretreff VÅREN 2017

7.februar, 7.mars, 4.april,  
2.mai og 6.juni (tur).

**Støtt våre annonsører**

## ING. G. VÅGE A.S.

5217 Hagavik

Tel.: 56 30 55 39

E-mail: g-vaage@online.no

[www.vaage.as](http://www.vaage.as)

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

Laveste priser i bransjen?  
Når du trenger elektriker  
kontakt Gunnar

## Sag og høvlen

## DRANGE BRUK A/S

Høvel- og skurdlast

Panel - lister - golv

Trykkimpregnerte materialer

### ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

## Rørlegger Titlestad



- NYBYGG
- REHABELITERING
- VANNBÅREN VARME
- SERVICE

Ring for gratis og  
uforpliktende befaring

**Tlf 480 68 830**

mail:

[titlestad93@hotmail.com](mailto:titlestad93@hotmail.com)

[www.rørleggertitlestad.no](http://www.rørleggertitlestad.no)

## OS HAGESERVICE

alt innen hage

Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.

56 57 66 77      99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)



DRENERING • MURING • SPRENGING

## Botnevik Samdrift DA

Alt innen graving  
og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID



## FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

Tlf.: 56 58 14 06

Fax: 56 58 39 99

Mob: 48 25 56 50

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse

- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og  
gullbokstavar.

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og  
redskap for HUS OG HAGE

## PM Sælen & Co AS

Tlf. 56 30 44 90

 **JERNIA**  
[www.jernia.no](http://www.jernia.no)

## GRAVMINNEN

Stor salgsutstilling av

nye monumenter

Tilføyelser / Oppussing



## STEINRIKET

EIKNER NATURSTEIN

ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN

TLF. 55 98 70 00

## Os Gravferdsbyrå as

### Døgntelefon

**56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve.

Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



## DØYPTE

### 13. november

Lilly Borgen ..... f. 11.08.16  
 Aurora Lund Helle ..... f. 21.06.16  
 Theo Alexander Holmen ..... f. 21.07.16

### 20. november

Thea Marie Gaassand Breivik ..... f. 02.06.16  
 Lilli Gerdts ..... f. 24.08.16  
 Lycke Gindl ..... f. 15.08.16  
 Martine Hopland Gjerde ..... f. 18.08.16  
 Adriana Bjelland Kolaj ..... f. 19.07.16  
 Matheo Vik Olsen ..... f. 16.09.16  
 Elise Bauge Sætveit ..... f. 03.08.16

### 27. november

Solveig Aurora Schanche-Mjånes ..... f. 21.07.16

### 4. desember

Trym Arian Grevle ..... f. 26.08.16  
 Emmeli Grytøy ..... f. 23.08.16  
 Ole Einar Skråmestø Høines ..... f. 22.09.16  
 Linnea Mari Kleppe Rosendahl ..... f. 10.08.16  
 Sverre Frugård Skogen ..... f. 30.05.16

### 26. desember

Live Tveiten Scheie ..... f. 03.09.16

### 8. januar

Tobias Lothe Engås ..... f. 06.08.16  
 Eric Torsnes Vaksinen Sælensminde ..... f. 17.09.16

### 15. januar

Kevin Høiberg Aasberg ..... f. 21.09.16  
 Tiril Sofie Mortvedt Erikssen ..... f. 10.09.16  
 Emilia Kalsund Hjelle ..... f. 15.09.16  
 Alicia Savland ..... f. 17.07.16  
 Haakon Walde ..... f. 19.04.16

## KYRKJELEG VELSIGNING AV INNGÅTT EKTESKAP

### Os kyrkje 10. desember

Marie Helen Mjelde Hagevik &  
 Lars Egil Fredriksen

## DØDE

**Linn-Kristine Follo Aikio**  
 f. 14.01.1997 - d. 06.11.2016

**Sylvi Irene Jonasdal**  
 f. 20.06.1947 - d. 07.11.2016

**Marit Stolt-Larsen**  
 f. 12.11.1931 - d. 13.11.2016

**Paul Andreas Halbjem**  
 f. 21.09.1937 - d. 15.11.2016

**Jorunn Johnsen**  
 f. 04.06.1935 - d. 15.11.2016

**Siri Lanesskog Carlsen**  
 f. 27.04.1945 - d. 17.11.2016

**Henning Henriksen**  
 f. 18.01.1923 - d. 17.11.2016

**Eilert Johan Fauske**  
 f. 10.11.1934 - d. 19.11.2016

**Jan Fosså**  
 f. 25.08.1948 - d. 23.11.2016

**Rigmor Lepsøy Rønning**  
 f. 11.03.1947 - d. 13.12.2016

**Wenche Irene Heggø**  
 f. 16.01.1950 - d. 16.12.2016

**Bernt Risøen**  
 f. 08.09.1938 - d. 16.12.2016

**Finn Aage Stang**  
 f. 19.09.1947 - d. 23.12.2016

**Oddlaug Klara Mikkelsen**  
 f. 27-02-1929 - d. 26.12.2016

**Leif Engebretsen**  
 f. 16.01.1941 - d. 30.12.2016

**Nils Oliver Haugland**  
 f. 10.02.1936 - d. 02.01.2017

**Lars Hjartåker**  
 f. 13.12.1927 - d. 03.01.2017

**Tora Olava Robberstad**  
 f. 10.10.1923 - d. 02.01.2017

## Program for Koinonia våren 2017

**9. februar:** Kristne i Syria,  
 v/redaktør Kari Fure.

**23. februar:** Mission Aviation Fellowship,  
 v/misjonær og flyver Ivar Henriksen.

**9. mars:** Ein ny himmel og ei ny jord,  
 v/sekretær Olav Eikemo.

**23. mars:** Ingen stad som heimen,  
 v/kulturformidlar Solveig Røen.

**6. april:** Prestesønn i Øst-Tyskland - Prest i  
 Norge, v/Sokneprest David Vogel.

**20. april:** Gi det videre - Hva kan eldre gi  
 ungdommen? V/pastor og bibellærer Tony  
 Jessen.

**4. mai:** Tenk, jeg skal hans hilsen  
 frembære, v/misjonær og sjukepleiar  
 Kjellaug Åse Fyllingsnes.

**18. mai:** Hans Nielsen Hauge - i Afrika!  
 v/senior bedriftsrådgiver Arne Bjørndal.

**29. mai til 1. juni:** Koinoniatur

## Takkoffer

Oversikt over kva vi har fått inn i  
 offer sidan 6. november 2016

- 13.11.16** Kyrkjetunet, kr 6 842,-
- 20.11.16** Stefanusalliansen, kr 5 578,-
- 27.11.16** Os KFUK/M-Speidarane,  
 kr 9 439,-
- 04.12.16** Barnearbeidet i kyrkjelyden,  
 kr 5 990,-
- 11.12.16** Kyrkjetunet, kr 7 659,-
- 18.12.16** Diakoniarbeidet i  
 kyrkjelyden, kr 2 208,-
- 24.12.16** Kirkens Nødhjelp, kr 59 808,-
- 25.12.16** NMS, kr 8 882,-
- 26.12.16** Navigatorane, kr 834,-
- 01.01.17** Diakoniarbeidet i  
 kyrkjelyden, kr 4 676,-
- 08.01.17** Misjonsprosjektet, kr 5 475,-
- 15.01.17** Kyrkjetunet, kr 6 947,-
- 22.01.17** NLA Høgskulen, kr 8 563,-

# TRAVELNET

**OS REISEBYRÅ AS** Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | [www.verden.no](http://www.verden.no)



GUDSTENESTER

**OS KYRKJE**

12.02.17 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.

19.02.17 kl. 11.00: Nattverd. Lovsong og band.

26.02.17 kl. 10.00: Dåp.

26.02.17 kl. 11.15. Nattverd.

01.03.17 kl. 19.00: Aftansong. Nattverd.

05.03.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

12.03.17 kl. 10.00: Dåp.

12.03.17 kl. 11.15: Nattverd.

19.03.17 kl. 10.00: Dåp.

19.03.17 kl. 11.00: Nattverd. Lovsong og band.

Konfirmantar deltek.

26.03.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Barnas misjonsdag.

Leirhelg.

02.04.17 kl. 10.00: Dåp.

02.04.17 kl. 11.15: Nattverd.

09.04.17 kl. 11.00: Dåp.

14.04.17 kl. 11.00: Korsvandring. Gudsteneste kl. 12.00

16.04.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

16.04.17 kl. 17.00: Dåp. Nattverd. I samarbeid med søndagssamlinga.

23.04.17 kl. 11.00: Dåp. Myldre. Utdeling av 4-års-bok.

Babysong og ShubaDubs deltek.

**NORE NESET KYRKJE**

12.02.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

Bibeldagen.

26.02.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

12.03.17 kl. 11.00: Dåp.

Utdeling av 4-årsbok

26.03.17 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.

Mariabodskapsdag.

13.04.17 kl. 19.00: Nattverd. Kveldsmat.

30.04.17 kl. 11.00: Nattverd.

Lovsong og band.

**LURANETUNET**

13.04.17 kl. 16:00: Nattverd.

**RAVNEBERGHaugen**

13.04.17 kl. 17.30: Nattverd.

**LIAFJELLET**

17.04.17 kl. 12.00: Friluftsgudsteneste.

Sjå [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os) for oppdaterte opplysninger.

**Elektro-Design AS**

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:

**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)

**OS Kyrkjelyd****TILSETTE:****SOKNEPREST:**

Margrethe Holmboe Askeland,  
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05  
Mob: 979 51 006, [mha@os.kyrkja.no](mailto:mha@os.kyrkja.no)

**KAPELLAN I OS**

Roar Hallesby Evjedal, [rhe@os.kyrkja.no](mailto:rhe@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

**SENIORPREST**

Knut-Ivar Askeland, [kia@os.kyrkja.no](mailto:kia@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

**KYRKJEVERGE/DAGLEG LEIAR:**

Gerhard Hansen, [gah@os.kyrkja.no](mailto:gah@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

**SEKRETÆRAR:**

Elin Oldervoll Moberg,  
tlf. 56 57 24 02, [eom@os.kyrkja.no](mailto:eom@os.kyrkja.no)  
Monica Refsdahl  
tlf. 56 57 24 13, [mr@os.kyrkja.no](mailto:mr@os.kyrkja.no)

**UNGDOMSARBEIDAR:**

Lars Joar Hilleren, [ljh@os.kyrkja.no](mailto:ljh@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

**KATEKET:**

Hildur Løkken Lillestøl, [hll@os.kyrkja.no](mailto:hll@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

**DIAKON:**

Jannike Gangstø Rogne, [jgr@os.kyrkja.no](mailto:jgr@os.kyrkja.no),  
tlf. 56 57 24 06, mob: 915 89 614

**KANTOR/ORGANIST:**

Andrew Holman, [aph@os.kyrkja.no](mailto:aph@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 11  
Anita Haugland Berge, [ahb@os.kyrkja.no](mailto:ahb@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 09, mob: 990 26 544

**FRIVILLIGKOORDINATOR:**

Inger Johanne Haugland, [ijh@os.kyrkja.no](mailto:ijh@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

**KYRKJELYDSPEDAGOG****BARNE- OG FAMILIEARBEID:**


Gro Helen B. Skjælaaen, [ghs@os.kyrkja.no](mailto:ghs@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDER:**

Hege Varhaug-Lekven, [hvl@os.kyrkja.no](mailto:hvl@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 15, mob: 909 90 272  
Lars Joar Hilleren, [ljh@os.kyrkja.no](mailto:ljh@os.kyrkja.no)  
tlf. 56 57 24 15, mob: 476 56 541

**DRIFT AV KYRKJER/KYRKJEGARDAR:**

Reidar Berge (mob 416 52 042),  
Trygve Helgesen og  
Linn Kjerstin Ø. Rondestveit



Avs:

Os kyrkjelyd  
Postboks 209  
5202 Os

## BARNESIDA

# Finn 12 disippelnavn

**Jesus kalte til seg tolv disipler. Klarer du å finne alle de tolv navnene i rutenettet her? Let både i vanlig leseretning og nedover.**

(Du finner navnene i Matteus-evangeliet kapittel 10, vers 2-4.)

## MORRO KLOMPEN

### Kokt egg...

Har du hørt om hønene som hadde så høg feber at det berre kom kokte egg?

### Smarte Lise...

Far skulle hjelpe vesle Lise med matteoppgåva.  
"Om eg har sju appelsiner i den eine handa og seks i den andre, kva har eg då?"  
"Store hender!"

## Gåter

**1. Kor kjem fredag før torsdag?**

**2. Korleis staver man musefelle med fire bokstavar?**

Om du knekker desse gåtene, kan du sende svar til [post@os.kyrkja.no](mailto:post@os.kyrkja.no)

**Merk: Gåtesvar**

R	I	J	O	H	A	N	N	E	S	T	A	P	R	E	F	A	I
T	A	Ø	S	M	E	N	U	K	A	M	M	M	A	T	T	E	U
B	U	K	P	E	T	E	R	J	Ø	S	N	I	P	R	A	K	L
A	F	J	U	L	Y	S	I	O	J	A	M	A	K	Æ	S	L	Ø
R	O	A	R	F	S	P	M	L	U	F	Ø	F	J	I	M	E	F
T	I	F	K	J	F	R	A	I	D	I	R	Å	A	K	A	F	U
O	M	O	I	Ø	I	A	S	K	A	K	M	M	K	A	I	J	T
L	A	P	L	S	L	K	K	F	S	R	O	E	O	L	R	A	O
O	P	R	A	T	I	A	Å	J	M	Å	J	S	B	A	U	L	M
M	P	Ø	S	U	P	P	R	A	O	J	A	A	I	M	S	T	A
E	A	L	P	R	O	M	E	L	E	S	U	T	M	Ø	R	Å	S
U	L	A	M	M	I	F	O	T	K	A	R	J	A	K	O	B	I
S	Å	R	K	T	A	D	D	E	U	S	E	U	T	N	A	P	T
K	M	O	R	E	T	S	Ø	F	P	M	I	N	S	A	N	A	T
A	P	I	T	O	K	E	F	Å	I	N	A	L	S	I	M	O	N
L	A	N	D	R	E	A	S	M	T	A	N	O	L	Æ	S	M	Ø

## Dagens bønn

Kjære Gud pass på mammaen min.  
Kjære Gud pass på pappaen min  
Kjære Gud pass på huset vårt..  
Det skal stå ute i natt...

Amen

